

Trettandedagen, julebukkane og mest slutt på julen.

06.01.2020



Ver klar til å ta mot julebukkane i kveld (Arkivfoto).

Almanakken syner at mandag 6. januar er 13. dag jul. Dagen er for mange slutten på julen og det er tid til å rydda bort julelys og julepynt. Nokre ventar til 20. dag jul med å kasta julen ut. Mange ryddar julen i to omgangar, startar med julestreet og ventar litt med utelysa. Men hugs at julebukkane kjem i kveld. I flokk og fylgje står dei på døra, utkledde, syng og ventar å få noko i posen.

Lenge var det slik i Uskedalen at ein gjekk julebukk dagen før, 12. dag jul. Med tilflytting og nye tadirjonar vart ein samde om å gjera det likt med landet elles. For dei som gjer innkjøp og ventar på julebukkane, er det ein stor fordel at alt er samla på 13. dag jul.

Ta godt imot julebukkane i kveld !

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal